Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28 | Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Voss

Emne: Drikk til maten til kvardags. | Bygdelag: Bordalen

Oppskr. av: Olav Rognebakke | Gard: Himle

(adresse): Reppen | G.nr. 203 Br.nr. 4

1.

A. ~~Merk av om~~ oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein brukar meir mjølk no enn det første eg hugsar.
2. Ein drekk sjeldan mjølk som leskedrykk.
3. Ein bruka å laga blanda av skyr og prim (brim)
Om sumaren hadde ein alltid blanda med i slåtten.
Det er lite bruka no.
4. Det var nokre få i gamlelaget då eg vaks opp som
hadde heimebryggja øl i slåtten og bruka det til tørstedrikka.
No er det å segja heilt slutt med det. Eg trur
det ølet var tunnare enn det dei bryggja t.d. til
jol og til bryllaup.
5. Bestemor fortalde frå 1870 åra at ein då
tok til å ha kaffi på somme gardar, men det var
fælt sjeldan. X.
Då jarnvegen kom til Voss i 1880 åra, vart
kaffien meir vanleg. Ein fekk då kjøpa kaffi
6. på kaffihus på Vossevangen, og litt om senn
vart kaffi kvardagsdrykk.
7. Dei fleste drikk no kaffi til frukost og
til non (kl. 4). Somme får og ein kopp
etter middagen før dei går ut på arbeidet att.
Somme drikk og kaffi til kvelds.
Det finst og somme som får kaffi på senga før dei
står opp.
8. Det vanlege er at ein slar kokande vatn

7042

over malen kaffi og let det få eit oppkok.
Før brúka ein kläieskinn. Sume brúka salt.
No brúr eg ikkje dette er brúka.
Ja, sume spå i grut. Strekar i koppen tyder reise, firkanter – brev. Elles trur eg det viktigaste er fantasien.
9. Dei fleste brúkar ikkje sukker i kaffien. Dei fleste synest det er godt med ein sukkerbete til kaffien.

Ein brúka før ofte å laga kaffisukker gjöl-platesukker. Elles brúka ein kandis, brunsukker og sukkertopp. No er det berre raffinade
10. Dei fleste brúkar fløyte i kaffien, men sume drikk han svart.
Kispa egg har ikkje vore brúka i kaffien her.
11. Det er ikkje vanleg med te til kvardags.
Ein laga før te av karve, bringebærblad, tyttebærblad, kjerringrokk og andre planter.
12. Brennevin har ikkje vore brúka til kvardags.
Ved dugnad var det fast regel å ha brennevin i fyrre hundreåra.
13. Kjøpedrykk vert ~~ikkje~~ [pukkbrokk tala] ikkje brúka til kvardags.

x Ei soge frå Raundalen då dei skikka Bergensbanen.
x. På ein gard kom eit par ingeniørar og spurde kona om ho ville koka kaffi til dei. Ho lova det, og dei gjekk ein pose med kaffi, skilde kona att en i skirvel.

Ein timas tid etter kom dei att og spurde om kaffien var kokt. Ho kom då med gruten på tallerkar. „Sodet slo eg bort," sa ho. „Det var så svart."


NORSK ETNOLOGISK GRANSKING